

## Høyringsinnspel

Sak	<b>Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi</b>
Høyringsinstans (svarar)	Faggruppene for norsk og matematikk ved ALI
Prosess	Faggruppene for norsk og matematikk ved ALI har utarbeidd ei felles fråsegn til dokumentet <i>Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi</i> . Gruppene har lagt størst vekt på kapittel 3 om profilområda, og då igjen mest vekt på kapittel 3.2 som er det som i fyrste rekkje gjeld lærarutdanninga.
<b>Innspel</b>	
<b>Innleiande kommentar</b>	<p>Gruppene har fyrst ein merknad til prosessen fram til no. Det vert i dokumentet vist til «samtalar med ... [faggrupper, avdelingar osv.]». Denne prosessen har ført til at medan somme miljø har fått komme med gode innspel, har viktige innspel frå andre miljø ikkje komme med. Det gjer at prosjektoptalen slik den ligg føre no, ikkje verkar balansert.</p> <p>Dokumentet er elles konsist disponert og har ei grei utforming å gje tilbakemelding på.</p>
<b>Kap 2</b>	<p>Avsnitt 2.1 på side 6 viser til fire plattform- og verdielement:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Universitetsambisjon</li> <li>• Vestlandsidentiteten</li> <li>• Nynorsk</li> <li>• «Tett på ...»</li> </ul> <p>Dette er sentrale punkt som er viktige å ta vare på når den konkrete strategien skal utformast. Vi etterlyser ei klarare framheving av desse punkta og kva dei fører med seg i praksis, mellom anna i kapittel 3.2. Vi har elles så langt ingen merknader til den grupperinga og hovudinndelinga som ligg føre i dokumentet.</p>
<b>Kap 3</b>	<p>Vi er noko i tvil om overskrifta på den delen som er omtalt i 3.2. Det synest noko mangelfullt å ikkje ha med ord som læring og/eller utdanning. Vi ber gruppa vurdere tittelen «Læring, kultur og danning».</p> <p>På somme punkt når det gjeld kapittel 3.2 verkar «spissinga» for snever, kanskje som følgje av manglar ved prosessen som vi har peika på i innleiande kommentarar. Vidare gjev denne spissinga eit meir tilbakeskodande enn framoverskodande inntrykk. Ved å framheva sterke miljø utan å opna opp for liknande satsingar som òg bør ha høg prioritet, kan ein slik fagleg strategi hemma anna utvikling. Vi viser ikkje minst til omtalen av barne- og ungdomslitteratur på side 11 og av forskning på matematikkdidaktikk på side 12. Vi meiner desse emna bør sjåast i eit vidare bilete og peikar på at ved ein profesjonshøgskule bør ikkje berre forskingsarbeid men òg pedagogisk utviklingsarbeid vektleggjast.</p> <p>Vi har følgjande kommentarar til områda der HVL kan hevda seg nasjonalt:</p>

	<p><b>Læring og nye medium</b>                  Dette avsnittet er for uklart. Det bør skrivast om i eit meir tydeleg språk</p> <p><b>Matematikkdidaktikk</b>                  Dersom punktet om matematikkdidaktikk uttrykkjer kva HVL skal satsa på i framtida, vert dette for snevert. Vi føreslår denne formuleringa:                  Når det gjeld matematikk, har HVL ein leiande posisjon i Norden innan praksisnær, undersøkjande og kritisk matematikk-didaktikk der læringssamtalen er eit sentralt særtrekk. Fagmiljøet har òg redaktøransvar for eit anerkjent norsk tidsskrift på feltet. Det vert og satsa på andre viktige emne, som til dømes pedagogisk entreprenørskap i matematikkfaget, forskning på læremiddel og mathematical literacy.</p> <p><b>Praksisnær utdanningsforskning</b>                  Det som står om dei fagdidaktiske miljøa er ikkje utfyllande. Det bør utdjupast med norskfagleg/didaktisk og matematikkdidaktisk forskning som er retta mot praksisfeltet.</p> <p>Nye område:  <b>Språk- og nynorskdidaktikk</b>                  Språkdidaktikk og språkvitskap er eit viktig område for HVL i lys av lærarutdanninga si satsing på grunnleggjande ferdigheiter og som sentralt forskingsfelt i alle dei norskfaglege miljøa i HVL. Særleg aktuelt er dette feltet i og med etableringa av dei nasjonale språksamlingane på Vestlandet. HVL er også sentral i utviklinga av nettverk for nynorskforskning i UH-nett Vest. Denne satsinga på nynorskdidaktikk og nynorsk fagspråk har mellom anna resultert i fleire konferansar, antologiar, utviklingsarbeid og nasjonale og internasjonale forskingsartiklar dei siste åra.</p> <p><b>Sentrale satsingar i lærarutdanninga</b>                  Byrjaropplæring, lese- og skrivevanskar og matematikkvanskar er vedtekne satsingsområde i skulen og med det òg i lærarutdanninga. HVL har gode føresetnader her som bør kunne utviklast vidare</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Vi meiner at det må styrast ut frå faglege heller enn administrative omsyn. Det er vidare viktig å unngå eit nytt byråkratisk nivå med planleggjarar. Planar må lagast av fagfolk på «grasrota».</p>
<p><b>Kap 6</b></p>	
<p><b>Andre merknader</b></p>	<p>Under punkt 3.4.3 på s. 13 i dokumentet «Vedlegg 2. Delleveranse 1 m vedlegg» er det det lista opp faglege særtrekk og eigenskapar som er trekte fram i samtalanane med avdelingane. Vi finn ikkje att ein omtale eller ei drøfting av dei i dokumentet om fagleg plattform, profil og strategi.</p>